



Statens vegvesen

VANYLVEN KOMMUNE

Rådhusvegen 1

6143 FISKÅ

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
22/9611-6

Dykkar referanse:
21/1697 22/10953

Vår dato:
13.01.2023

Uttale til detaljregulering for Småstranda næringsområde – Vanylven kommune

Vi viser til brev datert 22.12.2022.

Saka gjeld

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for eit næringsområde på Småstranda, nord for Åheim.

Statens vegvesen sin rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonal transportplan* (NTP), *statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er «å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem».

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine eigne kulturminne, og som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikksikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklande.

Vår vurdering av planforslaget

I varsel om oppstart av planarbeidet peika vi på lokaliseringa av næringsområdet med omsyn til dei *statlige planretningslinjer for samordnet bustad-, areal- og transportplanlegging*. I planomtalen går det fram at kommunen har hatt ei gruppe (synergigruppa) som har vurdert moglegheita for mottak av tunnelmassar frå Stadt skipstunnel. Vi kjenner ikkje til kva for

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

kriteria som er lag til grunn for val av denne lokaliseringa, og det kjem heller ikkje fram av dokumenta. I merknadsbehandlinga er det berre vist til eit trafikknotat som seier noko om trafikken ut frå næringsformål i handbok V713.

Etablering av eit næringsareal her, isolert frå andre utbyggingsområde, vil generere eit transportbehov av både gods og personar. Da det verken er lagt til rette for mjuke trafikantar eller kollektiv, innbyr det til meir bruk av privatbil. Det vi saknar er ein meir overordna vurdering knytt til behov for næringsareal i denne delen av kommunen, og transportbehovet lokaliseringa medfører i forhold til samlokalisering med eksisterande næringsområde eller andre lokasjonar. Forholda som er nemnt over må vere eit grunnlag for kommunen si vurdering.

Som vi har nemnt over, er det er ikkje lagt til rette for mjuke trafikantar langs fv. 61. I kommuneplanens arealdel er det lagt opp til gang- og sykkelveg langs vestsida av fylkesvegen, frå krysset med Slagenesvegen på Vik til Torvikvegen i Torvika. Vi ser det derfor som viktig at nødvendig areal til framtidig gang- og sykkelveg ikkje blir bygd ned, og ein må sikre dette i reguleringsplanen.

Konklusjon

Vi viser til våre merknader over og ber om at dette blir tatt omsyn til i det vidare planarbeidet.

Transportforvaltning midt
Med helsing

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE